



Korleis går eg fram for å kople ut slamskiljaren?

- Finn ut om det er fleire eigedommar som er kopla til den aktuelle slamskiljaren.
- Ta kontakt med fleire godkjende røyrleggjarfirma og be om pris på synfaring, utkopling av slamskiljaren og eventuelt video-inspeksjon av stikkleidningen.
- Undersøk gjerne samstundes tilstanden på den private avløpsleidningen din mellom slamskiljaren og den kommunale hovudleidningen (alder, materiale, fall og tilstand).
- Slamskiljaren må tømmast i samband med utkoplinga (må koordinerast av røyrleggjar).
- Ansvarleg røyrleggjar må syte for at utkoplinga av slamskiljaren blir meld til kommunen.

Før:



Etter:




SULA KOMMUNE

Pb. 280, 6039 Langevåg
Telefon: 70199100



SULA KOMMUNE


Utkopling av slamskiljar (septiktank)



Det er eit godt miljøtiltak
å kople ut!

Di plikt som huseigar

Når du eig ein bygning som er knytt til den kommunale avløpsleidningen, er leidningen frå bygningen og fram til den kommunale hovudleidningen ditt ansvar og din eigedom.



Dersom fleire eigedommar har sams stikkledning som er knytt til hovudleidningen til kommunen, er det ofte gjort avtalar om vedlikehald. Dersom avtalen er tinglyst, kan du finne han hos Kartverket. Normalt pålegg abonnementsvilkåra til kommunen eigarane eit solidarisk ansvar for vedlikehaldet av den sams leidningen.

Eigaren har ansvaret for drift og vedlikehald av leidningen, inkludert tømning av eventuell slamskiljar (septiktank).

Kva for slamskiljarar skal koplast ut?

Når eigaren betalar avløpsgebyr, er bygningen normalt knytt til kommunalt avløp. Då trengst det ikkje ein slamskiljar. Forureiningslova § 26 femte leddet gjev kommunen (som er forureiningsstyresmakt) høve til å krevje at slamskiljarar skal koplast ut.

I sjeldne tilfelle kan eigedommar som er knytte til kommunalt avløp, påleggjast å ha slamskiljar. Dei skal ikkje koplast ut. Årsaka er som regel at den kommunale avløpsleidningen har lite fall eller er i ein slik stand at han lett blir tett. Kommunen vil då avslå ein søknad om utkopling av slamskiljaren.

Kvifor bør slamskiljaren koplast ut?

Ein slamskiljar er som regel unødvendig for bygningar som er knytte til ein offentlig avløpsleidning, fordi:

- Tømning fører til ulemper i nærmiljøet og utgifter for eigaren.
- Gass frå slamskiljaren kan øydeleggje den private stikkleidningen din og dei kommunale avløpsleidningane.
- Slammet som må leverast til reinseanlegget, kompliserer og gjer reinseprosessen dyrare.
- Slamskiljarar som ikkje er tette i skøytar eller botn, fører til forureining av lokalmiljøet.

Korleis fungerer slamskiljaren?

Avløpsvatnet frå toalett, vask, dusj o.a. blir ført ut i stikkleidningen, eventuelt via ein slamskiljar, og vidare ut til den kommunale hovudleidningen. Faste partiklar, som toalettavløp, blir liggjande att i slamskiljaren. Slamskiljaren må tømmast med jamne mellomrom.

Ein slamskiljar må ikkje blandast saman med ein tett tank, som ikkje har utløp.

Allereie utkopla?

Registeret vårt over eigedommar som har slamskiljar, kan mangle oppdatert informasjon. Dersom du alt har kopla ut slamskiljaren utan at vi har registrert det, ber vi om at du fyller ut det vedlagde skjemaet *Tilbakemelding om utført arbeid* og returnerer det til kommunen.